

## Rekneskaps-samandrag for Vinje Løypelag 2021.

Inntekter		Utgifter	
Kontingent	50388,30	Diesel	57447,00
Støtte frå privatpersonar	24055,92	Rep og vedlikehald	99310,25
Norsk Tipping	42694,85	Graving trase	15680,00
Vinje Kommune	120000,00	Domenekostnad	1277,00
<b>Sparebanken DIN</b>	10000,00	Møte og anna	554,00
Momskompensasjon	40707,00	Forsikring	2947,00
Renteinntekter	0,00	Bankgebyr	16,00
		Overskot	110614,82
	287846,07		287846,07

Resultatet for 2021 er eit overskot på kr 110614,82.

Det er køyrt i alt 200 timar på teljeverket i løypemaskina og 20 timar med skuter. Det har vore om lag 115 timar med reperasjon og vedlikehald av reiskap. Rydding i ny og gamle løypetrasear er vanskeleg å setje timar på, men det er minst 200 timar.

Løypekøyning, brøyting og anna manuelt arbeid er alt saman gjort på dugnad.

Løype til hyttene på Gravastøyl og Kostveit Hyttegrend blir køyrd når det er nok sno. Det er att ein del rydding og graving om ein skal køyre på mindre sno.

Kvart år må det ryddast for nytt lauvkratt og tre som bøyer seg inn i løypa av tung sno. Litt endring av trase og graving for å leie våtsig på rett stad bli òg gjort kvart år.

Tor Eivind Erikstein sin garasje er til stor nytte for oss. Til sommarlager og det er enklare å halde maskina i stand.

Me set stor pris på alle lovord me får om løypene og vonar de framleis vil stø opp om laget slik de har gjort til no.

*Me takkar alle grunneigarane for den velvilje dei møter oss med !*